

Gudbrandsdal
Krigsminneresamling.
Årsskrift. 2001.

Frontkjemparane

Av Ragnar Øvelid

Pansjonaat laget

Norge
(Kriegs-

ner. Fri-
195, s. 39;
gjennom
ved Kris-
115; Dirk
apisten og
Gudbrandsdal
40

Ingen norske soldatavdelingar under 2. verdenskrigen hadde så hard krigsteneste, lei så store tap, og viste slik offervilje som dei som frivillig gikk i tysk teneste på Austfronten.

Men frontkjemparane får framleis, etter 60 år, berre nokre få linjers omtale i norske historiske standardverk og i norske skolebøker. Vi må gå til spesiallitteratur for å skaffe oss greie på kven dei var, kva dei stod for, og kva dei gjorde.

Etter vanleg syn var frontkjemparane på feil side, dei slost for ei forhata og etter kvart tapt sak, og vart etter krigen straffdømde for det dei hadde gjort. Likevel meiner vi det er rimeleg at også dei får sine krigsminne fram.

Om lag 7000 norske frivillige deltok i kampane på Austfronten frå 1941 til 1945. Dessutan gjorde ca. 400 kvinner norske kvinner, «frontsøstrer», teneste i tysk Røde Kors. I tillegg til frontsoldatane melde det seg bortimot 8000 menn til teneste, men dei vart av ulike grunnar ikkje innkalla. Somme var ikkje fysisk skikka til feltteneste, andre var det meir bruk for heime. Nordmennene var med på mange frontavsnitt, frå Finland i nord til Kaukasus og Kroatia i sør. Dei norske styrkane, særleg dei avdelingane som var under tysk kommando, hadde store tap. I alt vart meir enn 1000 norske frivillige drepne på Austfronten. 13 av dei norske frontsøstrene miste livet. (Til samanlikning: i krigshandlingane i Norge i 1940 døde 850 norske soldatar.)

Ikkje alle dei 7000 var med samtidig. Og dei var spreidde på fleire avdelingar, på fleire slagfelt, og under ulik kommando. Det var unge menn, svært mange

under 20 år. Den yngste på dødslistene var 16 år, han fall etter eitt års teneste. Mange av dei frivillige kom frå gode kår, ein stor del hadde solid utdanning. Mange kom frå bymiljø, der også NS stod sterkast. Offiserskulla frå før krigen var godt representerte.

Rekruttering

Vervinga av norske styrkar tok til i januar 1941. Tyskarane ville bygge opp ein vest-europeisk fellehær av frivillige, SS Regiment Nordland under Divisjon Viking. Opptakskrava var strenge, mange av dei som melde seg vart vraka, men ca. 700 norske vart opptekne i regimentet. Under tysk leiing stod også avdelingane Norges-SS Norge (oppretta i mai 1941), som i juli 1942 gikk inn i Germanske SS Norge (med 1200 norske medlemmer i 1944, 400 ved fronten). Dessutan stod Pansergrenaderregiment Norge, eller

Regiment Norge, under tysk overkommando. Norges-SS og Germanske SS Norge var opphavleg politisk-ideologiske propaganda-avdelingar, underlagt NS, med sterk vekt på raseteoriar og storgermanske tankar. Men organisasjonen fekk eit stadig sterkare militært preg, for å rekruttere frontkjemparar.

I 1943 kom det ei omordning av dei norske mannskapa. Dei frivillige som hadde høyrte til Regiment Nordland, vart plasserte som Regiment Norge i den nye SS-Divisjon Nordland, under 3. germanske panserkorps. Divisjon Nordland var samansett av Regiment Norge, Regiment Danmark, SS-Brigade Nederland, pluss spesialeiningar.

I Den norske legion og i Skijegerbataljonen var derimot nordmennene samla i eigne avdelingar, med norske offiserar. Dessutan vart tre norske politikompani knytte til Legionen i kampane ved Leningrad, og til Skijegerbataljonen i Finland.

I det heile er det vanskeleg å finne eit klart system i oppsettinga av dei norske frivillige styrkane på Austfronten. Tomromma etter falne og dimitterte måtte fyllest frå ulike hald. Også folk frå Hirten vart rekrutterte til å komplettere bataljonane. Frå 1943 vart vervemetodane meir pågåande for å få folk til å melde seg, og Hirten vart sterkt redusert. I 1943 var det også for alvor snakk om at dei som var innkalla til Arbeidsteneste skulle ut i fronteneste. Med vanleg optimisme lovde Quisling tyskarane 50 000 AT-folk. Men dette vart det ikkje noko av.

Frode Halle seier i boka «Fra Finland til Kaukasus» at mange av dei som verva seg til Regiment Norge hadde eit ønske om å bli yrkesoffiserar, og å skape seg ein

militær karriere. Dei som slutta seg til Legionen var meir opptatt av å gjere ein innsats for Finland og mot bolsjevismen, som det vart sagt, for sidan å gå tilbake til sitt sivile liv.

Norsk eller germansk?

Tidleg kom det fram konfliktstoff mellom Quisling, Hirten og NS på den eine sida, og den tyske militærmakta på den andre. Tyskarane ønskte å innordne dei norske frivillige under tysk leiing: nordmennene skulle gå inn i Waffen SS, trenast og kommanderast av tyske offiserar, og settast inn på fronten der tyskarane hadde bruk for dei.

Quisling og mange av NS-offiserane ville bygge på Den norske legion, som vart oppretta i juni 1941, like etter det tyske angrepet på Sovjetunionen, da Finland gikk med på tysk side. Quisling hadde ein draum om å rekruttere ein legion på 30 000 frivillige. Argumenta for å få folk til å melde seg til Den norske legion var:

1. Kamp mot bolsjevismen.
2. Hjelp broderfolket i Finland med å vinne tilbake områda landet måtte gi frå seg til Sovjetunionen etter Vinterkrigen 1939-1940. Dette var eit spesielt godt argument.
3. Skape grunnlag for ein ny norsk hær. Eit poeng dei arbeidslause norske yrkesoffiserane likte, men som ikkje slo an hos tyskarane.

Legionen skulle ha eigne, feltgrå uniformer, eigne distinksjonar, norsk flagg, norske offiserar.

I desember 1941 hadde 1900 frivillige blitt innrullerte i legionen. Mange av dei



Den norske legion. Olaf Lindvig ved Leningrad-fronten 1942.


var offiserar, som meinte at den norske kapitulasjonen i juni 1940 var absolutt, og at vi ikkje var i krig med Tyskland lenger. Mest halvdelen av dei norske offiserane frå før 9. april 1940 var da innmelde i NS (Dahl, side 228).

Men nå hadde tyskarane overtatt styringa: mannskapa i Legionen fekk tysk opplæring, tyske våpen, tyske uniformer. Norske våpen og norske uniformer var heller ikkje tilgjengelege. (I parentes: heller ikkje dei norske frivillige i britisk teneste fekk bruke egne uniformer). Den norske staben for Legionen i Oslo vart nedlagd. Og enda om Den norske legion vart verande som ei samla gruppe da den kom til fronten i februar 1942, hadde den med seg tyske «rådgivarar». Og ikkje minst: Legionen kom

ikkje til Finland, slik føresetnaden hadde vore, den vart send til Leningradfronten. Der var legionærane med og omringa byen i over eitt år, i ein stillingskrig som kunne minne om skyttargravene på vestfronten i første verdskrigen. Legionærane kunne ligge berre nokre få ~~hundre~~ meter frå dei russiske styrkane. I 1943 vart Legionen send heim. Den opphavlege tenestetida på seks månader hadde nå blitt til to år, med store tap ved Leningrad. Likevel vart 300 av dei dimitterte frivillige att i Tyskland, og mange av dei heimsende melde seg på nytt til andre frontavsnitt.

Tysk styring

Planane til Quisling om ein eigen norsk hær vart med draumane. Himmler og



Den norske legion ved Leningrad. Major Arthur Quist til venstre. 1942. +

Waffen SS hadde overtatt leiinga av dei norske frivillige.

Konfliktane mellom dei som stod for det norsknasjonale og dei som agiterte for det fellesgermanske under tysk styring varte ved gjennom alle krigsåra. Særleg var rivaliseringa tydeleg mellom Hirten og Germanske SS Norge. – Hirten skulle vere berarar av norskdom og sjølvstende, av «et selvstendig norskadministrert Norge,» sa hirsjef Møystad i 1942. I eit opprop til heimvende frontkjemparar 3. mai 1943 skreiv Quisling: «Dere har no gjort deres plikt ute ved fronten (). Jeg venter av dere at dere no på heimefronten *gjør samme innsats ved å gå aktivt inn i Hirten, som er bevegelsens ryggrad*». Germanske SS Norge var ikkje glad for å bli haldne utanfor Quislings oppfordring (Sørensen, side 201). (Dette hindra likevel ikkje at Quisling oppmoda

folk frå Legionen til å melde seg til Regiment Norge.)

Det var òg ein viss motvilje mot at NS-ideologi skulle blandast inn i fronttenesta. På rekruttskolen vart førarhelsinga sabotert, og ved fronten kunne major Quist be soldatane «gi fan i det derre», når ideologiske spørsmål kom på tale.

Den siste reint norske avdelinga var SS Skijegerbataljon Norge, som i 1942 vart send til Nord-Finland etter opplæring i Tyskland. Avdelinga hadde norsk leiing, og norsk kommandospråk. Bataljonen skulle, saman med tyske styrkar, prøve å avskjere jernbanen til Murmansk. Dei greidde det ikkje, og hadde store tap. I den russiske motoffensiven i 1944 miste 141 av dei 300 norske soldatane livet i eitt slag (Blindheim, side 86). Da Finland fekk sin fredsavtale med Sovjetunionen⁴ september 1944, forplikta finnane seg til



Den norske legion. Bunkers ved Leningrad 1942.

å få alle utanlandske soldatar ut av landet på kort varsel. Samtidig med den tyske Lapplandsarméen måtte restane av den norske bataljonen marsjere frå fronten aust for Karelen, gjennom heile Nord-Finland til Skibotn i Norge. Dit kom dei ei stund før jul i 1944. Forflyttingane måtte helst gjennomførast om natta, for om dagen kom det stadige angrep frå finske soldatar og fly, som ville ha meir fart i tilbaketrekkinga. (Sjå også stykket om Neuhaus i dette årsskriftet).

Bortsett frå Skijegerbataljonen var altså dei fleste norske frivillige frå 1943 plasserte under tysk leiing, anten i kompani 1, Germanske SS Norge, i SS Regiment Nordland eller i Regiment Norge. Desse gruppene bestod for det meste av

folk som kom frå Legionen. Dei norske frivillige frå Regiment Nordland (der også danskar, finnar og nederlendarar hadde vore med) sorterte nå under den tyske SS Divisjon Viking. Nordmennene i Viking vart sette inn på søravsnittet på Austfronten. Dei låg i fremste linja, og i 1942 nådde dei lengst mot sør av alle dei tyske einingane, heilt til Kaukasus. Dei hadde store tap, ikkje minst under dei harde kampane i Ungarn under tilbaketrekkinga. «Ingen andre nordmenn har nokon gong vore med på så harde slag med så høg tapsprosent, over endelause strekningar. Dei hadde kriga over eit område som eit heilt Europa i utstrekning, begge vegar, først fram, så attende,» skriv Svein Blindheim.

Pansergrenaderregimentet (Regiment Norge) talde i 1943 700 norske frivillige. Ein del vart sende til Kroatia for opplæring, samtidig med at dei skulle bekjempe jugoslaviske partisanar, ein lærerik, men vanskeleg kombinasjon, skriv Frode Halle. Sidan kom regimentet til Lenin-gradfronten, og var med på tilbaketog til Tyskland etter at Sovjetunionen fekk i gang den store motoffensiven. Vinteren 1944–1945 gikk regimentet gradvis i oppløysing. Men mange av dei norske frivillige var med heilt til dei siste desperate gatekampane i Berlin, også i forsvaret av førarbunkeren, ved Rikskanselliet, til tyskarane overgav Berlin 2. mai 1945.

I alt var ca. 4300 norske frivillige frontkjemparar under våpen i årsskiftet 1944/1945. Av desse var 1800 ved fronten, resten var dimitterte. 750 døde låg att etter kampane, og mange fleire skulle det bli i sluttfasen av krigen, i Ungarn, i Aust-Tyskland og i Berlin.

Ein av dei norske som deltok i slutt-kampane i Berlin den 26. april 1945, da russarane rykte inn i byen, fortel:

Avdelinga hans hadde gått i oppløysing, han hadde mist all kontakt med andre nordmenn. Han kom seg ned i ein undergrunnstasjon, der det var fullt av kvinner og barn. «Vi ble enige om å prøve å ta oss ut gjennom undergrunnsbanen, men det ble til slutt fryktelig der nede. Det kom både sivile og soldater ned i u-banen. Russerne var over oss, og ved alle hull. Ved nedgangen skjøt de ned på oss. Så det ble mange døde og sårede etter hvert. Her var det blitt en dødsfelle.

Ved Stettiner Bahnhof stormet vi opp. Vi møtte mange døde og sårede i trappen, og oppe i gaten, der mange hadde forsøkt

a ta seg opp før oss. Jeg fikk se et bombe-krater noen meter borte, og jeg stupte ned i det. Det ble ti stykker som kom dit. Etter at vi hadde fått igjen pusten og samlet oss litt, forstod vi at vi var ved veis ende. Det var pansere og russere overalt. Vi fikk festet en fille på en stormkarabin og heist den så høyt vi kunne, og straks var russerne der. Før det ble sagt noe, forsvant klokkene våre. Han som tok min, hadde ikke engang tid til å åpne spennen.» Den norske soldaten kom seg vekk i kaoset, ut av Berlin til fots. Men han måtte på lasarett, og vart send som krigsfange til Russland. Der var han i to og eit halvt år, før han endeleg kom heim.

Våren 1945 såg Quisling for seg eit sluttoppgjær i Norge, mellom dei 365 000 tyske styrkane som framleis stod i landet, og allierte frigjeringsstyrkar. Her kunne dei norske frontkjemparane ha ein misjon, meinte han, som ein slags ordnande politistyrke mellom dei stridande, utan at dei skulle brukast mot sine eigne landsmenn. Tyskarane sa tvert nei til idéen. Men nå hadde dei meir enn nok med sitt, så den 30. april kunne Quisling sende ut mobiliseringsordre til dei frontkjemparane som var dimitterte og tilgjengelege. Dei skulle hjelpe Quislings regjering med «å opprettholde ro og orden i landet.» Men nå var det for seint her også. Dei påtenkte ordensstyrkane kom ikkje i teneste. Derimot kom eit par hundre frontkjemparar til Quislings hovudkvarter Gimle på Bygdøy for å sikre og forsvare sin førar dei få dagane som var att før Quisling melde seg på Møllergata 19 den 9. mai 1945. Slik avslutta restar av dei norske frivillige frå kampane på Austfronten oppdraga sine i relativt fredelege former heime på Bygdøy.

N
/ Ikke Q's ønske



Regiment Norge, soldatar frå ulike nasjonar.

Rettsoppgjeret etter krigen

har som vi veit vore svært omdiskutert, også dei sakene som vart førte mot frontkjemparane. Spesielt har bruken av tilbakeverkande lover og forordningar, og forskjelsbehandling i bruken av straffereaksjonar mot ulike kategoriar av tiltalte blitt kritisert, og sett på som urettferdig. Eitt spørsmål som stadig har gått igjen: Kvifor skulle frivillige idealistar på austfronten dømmast så strengt når dei kanskje 200 000 som arbeidde for tyskarane heime, frå anleggsarbeidarar til avisfolk, slapp fri?

I dag kan straffene for frontkjemparane synast harde. Men «dei første etterkrigsåra var ei ulvetid,» skriv Svein Blindheim, og han siterer skepsisen til rettsoppgjeret hos professor Johs. Andenæs: «Især blant frontkjemperne er det mange som ut fra sitt syn på situasjonen

har ment å sette livet til for fedrelandets sak».

I Gudbrandsdalen vart 80 frontkjemparar dømde. Dei fleste fekk mellom to og tre års tvangsarbeid, nokre få fekk fengselstraff. (Iver Forseth: Årbok for Gudbrandsdalen 1995.)

Eit frontkjemparliv

Olaf T. Lindvig vart fødd i Fåvang 1917. Han gikk underoffiserskolen, og var ferdig med befalskolen i 1938. Arbeidde i ordenspolitiet i Oslo, melde seg til Finlandskrigen i 1939, men som politimann fekk han ikkje lov å reise. I 1940 deltok han i kampane mot tyskarane som fenrik, frå Minnesund og nordover til Åndalsnes, og har lite godt å seie om den norske politiske leiinga i desse april dagane. Deretter kom han tilbake til politiet i Oslo.

Som så mange andre av «førkrigsoffiserane» gikk han inn i NS hausten 1940.

I juli 1941 melde han seg til Den norske legion, og fekk vidare utdanning i Paris og i Tyskland. Om hausten vart han sjef for treningsleiren til Legionen ved Drammen. I den vidare opplæringstida for legionærane i Fallingbostel i Tyskland vart han kompanisjef. I februar 1942 vart han saman med Legionen send, ikkje til Finland, men til Stettin. Her fekk legionærane etter ei tid beskjed om at dei skulle til Leningradfronten. Ein del av soldatane murra, men kommando var kommando. Tyskarane venta russisk offensiv. Legionen kom i drepende kulde, i 40 minusgrader, med fly, buss og tog utan oppvarming, til skyttargravene omkring millionbyen. Dei norske soldatane greidde kulden etter forholda bra, dei hadde skikkelege vinterklede, og løpegravene var alt oppspadde før frosten kom. Det var verre med avdelingar frå andre land, som berre hadde lett tøy, fekk forfrysningar og lei mykje vondt. Dei lærte etter kvart av russarane, som hadde vatterte uniformer og filtstøvlar. Ut til frontlinjene kom det likevel regelmessige forsyningar, med ammunisjon, og med varm mat. Sendingane kom med hestar, i nattemørkret, og soldatane henta provianten i spanna sine. Men dei hygieniske forholda i skyttargravene vart naturleg nok elendige, særleg var lusa ei plage. Blokaden av Leningrad og artillerielden mot byen førte til katastrofale tilstandar for dei som prøvde å overleve der. Kanskje ein og ein halv million menneske omkom i byen dei to åra omringinga varte. Det hende ikkje sjeldan at soldatane i Legionen delte matrasjonane sine med lokalbefolkninga. Våren 1942 gikk Lindvig på ei mine, vart




Regiment Norge, vest for Leningrad 1944.

alvorleg såra, og heimsend til Oslo.

Som rekonvalesent vart han i august 1942 adjutant i Germanske SS Norge. Han heldt da ein del talar om den pangermanske tanken, om den reine rasen, osv., uttrykksmåtar han i dag seier han ikkje la stor vekt på. Minister Fuglesang gav han også attest for at han «stod helt på den norske linje» i konflikten med germanistane (Sørensen, side 286).

Sommaren 1943 kom Lindvig til fronten att. Han vart sjef for 1. kompani i 1. bataljon, Regiment Norge, som nå var tilslutta Divisjon Nordland under 3. germanske panserkorps. Kompaniet vart sendt til Kroatia, dels til opplæring, dels – saman med 3. germanske korps – for å kjempe mot dei jugoslaviske partisanane, som tidlegare nemnt.



Soldatgraver ved Narva 1944. Mange av dei falne er frå Regiment Norge.

Kompaniet til Lindvig kom rimeleg godt ut av det med lokalbefolkninga, men var også med på harde oppreinskings- og straffeaksjonar mot partisanane, og opplevde korleis hatet mellom muslimar og gresk-ortodokse blussa opp att, og førte til grove ugjærningar dei imellom.

I desember 1943 vart 3. germanske korps og Regiment Norge kommandert til Østersjøområdet, til Oranienbaum vest for Leningrad, der korpset skulle halde eit kritisk punkt i blokaden av millionbyen. Lindvig var kompanisjef for 1. kompani, og sambygdingen Erik Mytting var nestkommanderande. Oranienbaum var ein utsett stad, mest inne i fiendeland. Likevel feira frontsoldatane jul, med lysande julegran ute i forlegnin-

ga, og med tale av sjefen for 3. germanske korps, general Steiner.

Men i januar 1944 kom den lenge venta storoffensiven frå russarane. Lindvig og dei tre andre kompania i bataljonen måtte slå seg tilbake, med store tap, i uoversiktlege skogsområde og vanskeleg terreng, der russarane pressa på frå alle kan-

tar. I desse kampane vart Lindvig hardt såra, i skuldra og i foten. Han vart berga til eit feltlasarett i fremste linja. Og han kan ikkje nok fullrose lasarett-tenesta og «frontsøstrene» for den jobben dei gjorde. På lasarettet vart han også stelt av ei russisk jente, medisinstudent, som av ein eller annan grunn hadde blitt med som frivillig frå Moskva-fronten, enda ho var glødande kommunist. Ein kveld vart



Skijegerbataljonen i Nörd-Karelen.

lasarettet råka av ein russisk granat, strømmen gikk, og jenta kom med stearinlys. Pasientane raste over at Stalin kunne skyte på eit Røde Kors-merka lasarett. Men ho tok det kaldt: «Es ist doch Krieg, meine Herren.»

Frå opphaldet på lasarettet vart Lindvig send heim, til Aker sjukehus. Der møtte han Mossik, som han sidan skulle gifte seg med. Ho var dotter til Olaf Fermann, ein norsk forretningsmann som hadde budd lenge i Tyskland, men kom til Norge tidleg på våren 1940. I 1942 vart han innsett av regjeringa som visepresident i norsk Røde Kors, og oppretta eit hjelpekontor for frontkjemparar.

I 1944 var det slutt med aktiv krigsteneste for Lindvig. Men da Quisling i april 1945 ville organisere ein frontkjemparbataljon som skulle halde ro og orden når krigen var slutt, utnemnde han Lindvig som kommandant for avdelinga. Heldigvis vart det ikkje noko av desse planane, som eg ikkje visste noko om, seier Lindvig i dag. Da kunne det ha blitt kamp, bror mot bror. (Eitt eksempel: Ein ung frontkjempar, ein sambygding av Lindvig, hadde ein bror som deltok i dei norske politistyrkane i Sverige.)

I maidagane 1945 arresterte Milorg Lindvig heime i Fåvang. Han sat på Suttestad i Lillehammer nokre månader,

sidan i Oslo kretsfengsel i eitt og eit halvt år. Han måtte vente i to år før saka hans kom opp. I 1947 vart eit rettsmøte utsett, og Lindvig fekk stille i staden. Lagmann Solem var dommar, rettssaka vart unngjort på éin dag, frå klokka ni til klokka halv fire. Dommen var på 12 års tvangsarbeid.

Major Svein Blindheim, høgt dekorert offiser frå Kompani Linge, gir denne vurderinga av Lindvig: «Ein uvanleg dugande offiser, fekk ein dom som tykkjest vere uvanleg streng samanlikna med befal elles av same kategori.» (Blindheim, side 47).

Resten av soningstida gjennomgikk Lindvig i skogane til godseigar Mathiesen i Hurdalen, der tvangsarbeidarane dreiv tømmerhogst, og etter ei tid fekk bruke dei første motorsagene som kom til landet frå Amerika. Men etter to år i skogen, i 1949, var Olaf Lindvig fri, og kunne starte sitt nye, sivile liv i Fåvang, der han sidan har budd.

Kvifor melde dei seg til austfrontteneste?

Over 15 000 norske ungdommar (og ein del litt eldre) registrerte seg frivillig til kampane på Austfronten. Det er store tal. Ein må undre seg over kva som låg bak ei slik avgjerd og ein slik offervilje, ikkje minst når ein tenker på dei som melde seg mot slutten av krigen, da dei tyske hærstyrkane gikk mot den endelege katastrofen.

Av dei over 80 frå Gudbrandsdalen som deltok på Austfronten var mange yngre gardbrukarsøner, som ikkje hadde jord å overta. Situasjonen kan minne om dei tusenvis av yngre vesteuropeiske

adels- og godseigarsøner som flokka seg under korsfarar-merket på 1100-talet. Mange av frontkjemparane følte nok også at det var eit korstog dei var med på.

Nøyaktige tal på frontkjemparar frå Gudbrandsdalen har vi ikkje, men i ei minimumsliste som Iver Forseth sette opp (Årbok for Gudbrandsdalen 1995) ser tala for dalen slik ut:

Lillehammer:	25	Heidal:	2
Vestre Gausdal	2	Sel:	2
Østre Gausdal:	0	Vågå:	2
Fåberg:	5	Lom:	2
Øyer:	3	Skjåk:	2
Ringebu:	13	Lesja:	2
Sør-Fron:	4	Dovre:	2
Nord-Fron:	2		
I alt:			8

Vi ser at Ringebu – ved sida av Dovre merker seg ut blant landkommunane, og kan vere eit eksempel på kor tilfeldig slike val hos ungdom slår ut. Ringebu var ikkje mellom dei kommunane i dale som hadde spesielt mange NS-medlemmer, heller ikkje hadde bygda mange NS-veljarer i stortingsvala 1933 og 1936. Me fleire av NS-folka her var aktive med agitere og verve ungdommar, innan familien og i grenda. Hirten gjorde seg synleg i bygda, med klesplagg og jakkemerke. Også utanbygds ungdom som gikk realskolen i Vålebru vart påverka til melde seg inn i ungdomsfylkingen til NS.

Ein del ungdommar frå Ringebu melde seg faktisk til våpenteneste alt før angrepet på Sovjetunionen juni 1941. Ein 15-åring var så oppglødd at han laug på seg alt for å bli godtatt. Og dei fekk framståar frontkjemparar frå bygda å sjå opp som Olaf Lindvig og Erik Mytting.

Motiva for å melde seg til frontteneste kunne nok variere, frå ungdommeleg rigsromantikk og eventyrløyst til rein idealisme. Barn av NS-foreldre miste enner, og let seg verve til nye, likesinna niljø. I rettssakene etter krigen gav frontkjemparane mange forklaringar. Dei ville hjelpe Finland. Lindvig meiner at dette var ekstra utslagsgivande, og han minner om den store aktiviteten her i tidsrommet vinteren 1939-1940, da det var finlandshjelp på alle plan, med frivillige soldatar, demonstrasjonar mot Sovjet-samveldet, innsamlingar av ryggsekkar, ski og klede, basarar og alle slags tilstelningar for å samle inn gaver og pengar til «våre brør i aust». Haldningane frå Vinterkrigen i Finland sat igjen lenge. Dei ville kjempe mot «Ivan» og bolsjevismen, slik avisene «Laagen» og «Nationen» framstilte den. Dei var misnøgde med norsk og britisk politikk og krigføring i 1940, og desto meir imponerte over tysk militær effektivitet og sigersvilje. Fargerike plakatar med «Tyskland seirer på alle fronter» lyste i 1942 framleis på posthus og telefonstolpar. Fattigdom og dårlege framtidsutsikter kunne også spele inn, nokre få trudde kanskje på lovnadene frå styresmaktene om eit betre og tryggare liv som løn for utført frontteneste. Det

merkelegaste er likevel dei mange påmeldingane til fronten i den siste tida, da alt raste saman for tyskarane.

Unggutane frå Ringebu og frå dei andre bygdene i dalen fekk møte den brutale krigen i ulike norske og tyske avdelingar, på Balkan, ved Svartehavet, ved Leningrad og i dei finske skogane, og restane av dei norske styrkane fekk oppleve det endelege nederlaget i sluttkampane i Berlin-gatene. Minst 15 unggutar frå dalen kom aldri heimatt.

Kjelder, og vidare lesing:

- Svein Blindheim: Nordmenn under Hitlers fane (1977)
Kjell Fjørtoft: Veien til Østfronten (1993)
Hans Fredrik Dahl: Vidkun Quisling. En fører for fall (1992)
Øystein Sørensen: Hitler eller Quisling. Ideologiske brytninger i Nasjonal Samling 1940-1945 (1989)
Frode Halle: Fra Finland til Kaukasus. Nordmenn på Østfronten 1941-1945 (1972)
Egil Ulateig: Dagbok frå ein rotnorsk nazist (1987)
Sverre Jervell: Scener fra en ambassades liv. Berlin 1905- 2000. (Berlin 2000, Sverre.Jervell@ mfa.no). Om dei siste dagane til norske frontkjemparar i Berlin april 1945.
Samtalar med Olaf T. Lindvig, februar 2001.

Bilda har vi fått låne frå samlinga til Geir Brenden, Gjøvik.